

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-026	23/839

Saknr	Utval	Type	Dato
093/2023	Formannskapet	PS	16.10.2023
082/2023	Kommunestyret	PS	26.10.2023

## Deltaking i Vest brann og redning

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Tilskudd fra deltakerkommunene 2024	02.10.2023
VBR Budsjett 2024	02.10.2023
2018_35238-43 - Orientering om Vest brann- og redningsregion.msg	02.10.2023
Vest brann- og redningsregion KOF - Samarbeidsavtale	02.10.2023

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune søker om medlemskap i Vest brann og redningsregion – kommunalt oppgåvefelleskap.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

Masfjorden kommune har i brev dagsett 04.09.2023 frå Vest brann- og redningsregion (VBR) fått orientering om korleis dette kommunale oppgåvefelleskapet er organisert, og kva oppgåver som her vert gjort. Saman med sjølve brevet ligg det føre følgjande tre vedlegg. Desse er:

- Samarbeidsavtale
- Budsjett for 2024
- Oversikt over tilskot for 2024 frå deltakarkommunane

I brevet vert det presisert at VBR er eit samarbeid mellom sjølvstendige brannvesen, og at det kommunale sjølvstyret ikkje vert utfordra gjennom samarbeidet. Vidare kjem det fram at alle brannvesen i deltakarkommunane mellom anna får tilgang til:

- Faglege nettverk og fagsamlingar

- Formalisert avtale om operativ bistand og leiarstøtte
- Mobile øvingsmodular
- Felles krisehandteringsverktøy
- Felles informasjonsstrategi og -tiltak

Det kjem i brevet og fram at det regionale brannsam arbeidet vert regulert gjennom eit felles overordna plandokument basert på risikobiletet i regionen, og som byggjer bru mellom dokumentasjonen av brannvesen i deltakarkommunane. Dette skal gjeva ei tydeleg og påreknelig skildring av samvirket mellom dei lokale kapasitetane og dei regionale forsterkningsressursane.

Pr. 1. september 2023 deltek følgjande 18 kommunar i samarbeidet: Desse er:

Askøy, Austevoll, Bergen, Bjørnafjorden, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Osterøy, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss og Øygarden.

#### Organisering og dagleg drift:

VBR vart oppretta i medhald av § 27 i den gamle kommunelova. Samarbeidet er for tida under omdanning til kommunalt oppgåvefellesskap (KOF). Samarbeidsavtalen som er til politisk handsaming i kommunestyra i alle deltakarkommunane følgjer vedlagt.

Representantskapet vil avløyse årsmøtet som VBR sitt øvste organ, og skal bestå av politisk valde representantar frå alle deltakarkommunane. Styret skal bestå av fem medlemmer med personlege varamedlemmer frå definerte kommunegrupper. Representantskapet vel styremedlemmene og deira varamedlemmer mellom kommunedirektørar/rådmenn, kommunaldirektørar, kommunalsjefar eller andre på tilsvarende nivå frå deltakarkommunane. Både representantskapet sitt og styret si funksjonstid er fire år, og følgjer kommunevalperioden.

Brannsjef Janicke Larsen i Bergen brannvesen er no dagleg leiar i VBR. I tillegg er det ein rådgjevar i Bergen brannvesen som arbeider på fulltid med drifts- og utviklingsoppgåver for VBR.

Det er etablert tre fagutval som bidreg med faglege råd og innspel. Fagutvala består av leiarar og fagpersonar frå brannvesen i deltakarkommunane. Deltakarane i fagutvala er aktive bidragsytarar i arbeidet med å skissere forslag til gode regionale løysningar, noko som sikrar lokal forankring av samarbeidet. Desse utvala er:

- Fagutval for brannførebyggjande arbeid
- Fagutval for brann- og redningsberedskap
- Fagutval for naudmeldetenesta

#### Økonomi:

I brevet følgjer VBR sitt budsjett for 2024 og oversikt over tilskot for 2024 frå deltakarkommunane. Det er ikkje variable kostnader for deltakarkommunane utover deltakar-tilskotet, som vert vedteke av årsmøtet/representantskapet. Basert på dette budsjettet ville deltakar-tilskotet for 2024 for

Masfjorden kommune sin del vorte på om lag kr 66 000, medan det for Gulen kommune sin del ville vorte om lag kr 70 000. I tillegg må nye deltakarkommunar, samstundes med innbetalinga av deltakartilskotet for første år, betale inn eit beløp som tilsvarar kommunen sin forholdsmessige del av det bundne driftsfondet. Pr. 31. desember 2022 hadde VBR kr 5 693 539 på det bundne driftsfondet. Dette ville medført ein eingangsum på om lag kr 80 000 for Masfjorden kommune sin del, og om lag kr 85 000 for Gulen kommune sin del. Kommunane ville då vorte fullverdige medeigarar i det bundne driftsfondet. Beløpa ovanfor er omtrentlege, og vil verta utrekna nøyaktig, dersom kommunane Masfjorden og Gulen formelt søker om å verta teke opp som deltakarar i VBR.

Brevet skildrar og prosessen vidare for søkjarkommunar, og at medlemskap mellom anna krev godkjenning i alle deltakarkommunane, samstundes som det vert understreka at søkjarkommunar får høve til å delta som observatørar på faglege samlingar i VBR.

Det vert vidare poengtert at for Masfjorden kommune, som har brannvernsamarbeid med Gulen kommune, vil det vere naturleg at begge kommunane melder seg inn i VBR samstundes.

### **Vurdering**

Rådmannen meiner at det vil vera føremålstenleg at Masfjorden kommune søker om medlemskap i det kommunale oppgåvefelleskapet Vest brann og redning. Ei deltaking vil etter rådmannen si vurdering både styrka kompetansen til GMBR, og gje GMBR betre tilgang til støtte og hjelp, og til meir spesialiserte faglege ressursar innanfor brann og redning. Vidare vil eit medlemskap sikra at kommunen får ta del i viktige utviklingsoppgåver, og meir samarbeid i regionen knytt til brann- og redning. Den årlege kostnaden, som eit medlemskap i VBR vil medføra, er etter rådmannen si vurdering ei god investering for å styrka GMBR både på kort og lang sikt.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at Masfjorden kommune søker om medlemskap i Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefelleskap.

## **Formannskapet - 093/2023**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune søker om medlemskap i Vest brann og redningsregion – kommunalt oppgåvefelleskap.

## **Kommunestyret - 082/2023**

### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

Masfjorden kommune søker om medlemskap i Vest brann og redningsregion – kommunalt oppgåvefelleskap.